

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	23/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Referat og meldingar..

- A. 220704 kopi av e-post frå statskog SF. Grunneigars tillatelse til midlertidig masselagring ved Brimi Fjellstugu
- B. 220926 e-post frå Jotunheimen NP styre. Dispensasjon 2022 – Riving og bygging av ny fjellstyrehytte i Storådalen
- C. 220928 e-post frå Breheimen LVO – vedtak 2022 – Svar på søknad om bruk av elektrisk båtmotor på Høydalsvatnet
- D. 220929 Brev frå NAV. Foreldrepermisjon. Innvilget søknad om 100 prosent foreldrepenger
- E. 220929 e-post frå Torstein K. Garmo. Mellombels lagring av masse ved Sandbakken – Brimi Fjellstugu
- F. 220930 kopi av e-post frå Lom kommune. Varsel om utført retting av matrikkel - Storådalshytta
- G. 221004 kopi av e-post frå Jotunheimen NP styre. Merket båt på Reinstind vatnet. Åsne Dalåmo
- H. 221005 e-post korrespondanse med statskog SF med fleire. Sveinhaugsetra - Foss
- I. 221007 e-post frå statskog. Grunneigars tillatelse til riving og oppføring av ny fjellstyrehytte i Storådalen – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- J. 221010 e-post frå KLP. Nye anslag for reguleringspremie 2023. Webinar om pensjonsøkonomi
- K. 221010 e-post frå KLP. Nye anslag for reguleringspremie 2023. Nøkkeltal og utvikling
- L. 221010 kopi av e-post frå Jotunheimen NP styre. Delegert vedtak – Jotunheimen NP – Dispensasjon motorferdsel 2022 – skutertransport i samband med avslutning av byggearbeid på naust ved Rundhaugtjønne i Luster. Sognefjellshytta v/Råmund Mundhjeld
- M. 221012 e-post til aktuelle tilbydarar. Innhenting av tilbod – Storådalshytta – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- N. 221018 kopi av e-post frå Lom kommune. Svar på e-post frå forsvarrets vinterskole i anledning øvelse på Sognefjellet veke 47
- O. 221018 kopi av e-post frå Breheimen NP m. fl. Dispensasjon – søk etter storfe ved bruk av drone. Hege Haugen
- P. 221028 kopi av e-post frå Breheimen NP. Delegasjonsfullmakt frå Breheimen NP styre. Løyve til bruk av drone til søk etter beitedyr. Ola Welve
- Q. 221028 e-post frå Jotunheimen hundekjørerlag. Motorisert kjøring i utmark – søknad om forlenging av løyve til markering av løype for trekkhundar
- R. 221109 e-post med svar frå forsvarrets vinterskole. Tillatelse til å benytte snøskuter langs vegtraseen på FV55 Sognefjellet veke 7 og 8 2023
- S. 221121 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak. Dispensasjon 2023 – endra tidspunkt – motorferdsel og konsertarrangement. Glitterheim Turisthytte
- T. 221123 Rapportering av aktivitetar og rekrutteringstiltak vedrørande generelle friluftsmidlar 2022 – Lom fjellstyre
- U. 221123 Evalueringsmøte opplæringsjakt 2022. Referat – Lom fjellstyre

Møtebok – Lom fjellstyre

- V. 221129 Rapportering av prosjektmidler – haustingsbasert fiske for barn og unge 2022 – Lom fjellstyre
- W. 221129 Rapportering av prosjektmidler – opplæringsjakt for ungdom 2022 – Lom fjellstyre
- X. 221130 e-post frå NFS. Påmelding til fagsamling på Scandic Hell, Stjørdal 2023
- Y. 221130 Bilderapport til SNO v/Rigmor Solem – Jotunheimen. Oppsyns- og skjøtselsaktivitet i samband med tjenestekjøpsavtaler 2022
- Z. 221130 Bilderapport til SNO v/Øyvind Angard – Breheimen. Oppsyns- og skjøtselsaktivitet i samband med tjenestekjøpsavtaler 2022
- Æ. 221130 Bilderapport til Jotunheimen NP styre v/Kari Sveen
- Ø. 221201 Bilderapport til Breheimen NP styre v/Stein Magne Grevrusten
- Å. 221202 E-post frå Lom kommune. Spørsmål om skutertransport til/frå seter
- AA. 221206 E-post frå Inatur. Salgsrapport for innlandsfiske 2022

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	24/2022	Arkiv nr.:	021/111.1	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Forslag til årsplan og budsjett for 2023.

Sakspapir:

- Budsjettforslag 2023.

Merknader til budsjettet og framlegg til årsplan:

Personell.

Fjellstyret har i 2022 hatt desse tilsette:

- Åsmund Galde dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling. (80% foreldrepermisjon oktober- desember)
- Eilev Hellekveen, fjelloppsyn 40% januar til april 100% frå mai til desember.
- Jo Øien, sesongoppsyn 1. august-31. oktober
- Odd Repp, sesongoppsyn/tilkallingsvikar.

Tjenestekjøpet frå SNO og sal av tenester til andre har dei siste tre åra vore høgare enn budsjettet. Dette har kravd meir arbeidshjelp, noko som har vore løyst gjennom utvida bruk av sesongoppsyna. Det er vanskeleg å budsjettere for tjenestosal frå år til år, mykje er avhengig av overføringar frå statsbudsjettet, interne prioiteringar hjå tjenestekjøperane m.m. For komande år er det budsjettet ein auke jf. siste års budsjett. Refusjonen for oppsyn i statsallmenning vart betydeleg auka i 2021, men fall attende til gamalt nivå i 2022. Det er varsla ein vesentleg auke for 2023, dette blir spegla i budsjettframlegget med ein auke på 30% i refusjon. Auka behov for arbeidshjelp utover budsjettframlegget blir fortrinnsvis lagt til eksisterande deltidsstillingar.

Fjellstyret - møteverksemd.

Tidspunkt for møta vil bli tilpassa saksmengda og behovet for rask handsaming av enkelte saker. Administrasjonen vil varsle styremedlemene om tidspunkta for møta så snart desse er tidfesta. Det vert lagt opp til seks ordinære fjellstyremøte i løpet av året. Det vert hovudsakleg lagt opp til kveldsmøte.

Dersom det kjem saker til behandling som fordrar synfaring føreåt, vert denne synfaringa lagt til juni månad. Til denne synfaringa vert også andre partar med uttalerett eller avgjerdsmynde inviterte. Saker som dukkar opp i løpet av sommaren, kan gjera at det blir behov for ei synfaring att også på haustparten.

Bruksrettssakene og forvaltningssakene som fortløpande kjem inn til behandling hjå fjellstyret blir prioritert.

Oppsynsverksemd-administrasjon.

Forvaltninga av bruksrettane og administrasjon av jakt og fiske, saman med administrasjon og tilsynet med alle fjellstyrehyttene, er dei viktigaste oppgåvene for dei tilsette. Revidering av seterregisteret og sakshandsaming knytt til dette vil være ei prioritert oppgåve komande år.

Møtebok – Lom fjellstyre

Tenestesalet til SNO krev at dette vert sterkt vektlagt spesielt i sommar-månadene. SNO-Jotunheimen har det største tenestekjøpet. Dette er ein brukspark med stor besøksmengde ei avgrensa tid av året, som gjer at behovet for oppsyn og informasjonsarbeid er absolutt størst i sommarferietida, og vil bli prioritert da.

Vi vil oppretthalde fokus på generell informasjon frå/om verksemda gjennom digitale plattformer. I tillegg blir det foreslege å oppretthalde kr 20 000 til marknadsføringstiltak knytt mot fiske. Dette er tenkt nytta i ein marknadsføringskampanje i fellesskap med andre fjellstyre, NFS og inatur.

Det har kome signal på at avtala med SNO om jervsporing og hilokalisering av jerv blir vidareført i same omfang som tidlegare år. Avtala med NVE om snømåling på Sognefjellet står ved lag. Når det gjeld transport i tilknytning til bremålingane i Jotunheimen har vi fått signal om auka oppdragsmengde. Det er ynskjeleg at vi kan bistå med utføring av bremålingar på enkelte lokaliter. I samband med dette arbeidet kan det være aktuelt å sende personell på opplæring/HMS kurs i juni.

Sal gjennom inatur har gjeve ein auka bruk av fjellstyrehyttene, der utanbygdsbuande står for det meste av gjestedøgna. Dette har auka behovet for transport av ved-, gass og anna nødvendig utstyr, samtidig som at behovet for tilsyn, vedlikehald og reparasjonar av hyttene er større enn før. Dette krev stadig større del av tida til oppsynet. Komande år kjem vi i større grad til å regulere utleigeverksemda og legge til rette for at innanbygdsbuande har tilgang til hyttene.

I tillegg til oppsyn med jakta i haustmånadene kjem fiskeutsetting, ettersyn og klargjering av hyttene før vinteren. Stor auke i fellingskvotane siste åra, utviding av jakttida og innføring av korttidsjakt på restkvote/tilleggsdyr medfører meirarbeid med administrasjon og oppsyn.

Årlege arrangement og tiltak som skal gjennomførast:

- "Barske glæder" – fyrste halvdel av mars, i samarbeid med Norsk Fjellsenter og SNO.
- Familiefiskedag ved Dalsvatnet – i månadskiftet juni-juli, eige arrangement.
- Friluftsgruppa ved Lom v.g.s. – transport og utsetting av settefisk på Langvatnet, i slutten av august.
- Veodalsturen med 7. klassingane i Lom – orientering om fangstanlegg og om Veodalen, utsetting av fisk og prøvefiske, overnatting i lavvo ved Grønbua, i fyrste halvdel av september.

I tillegg til dei faste arrangementa ynskjer vi å vidareføre opplærings- og rekrutteringsprosjektet for barn og unge knytt til garnfiske- og storviltjakt. Vi fekk 40.000,- i prosjektmidlar frå miljødirektoratet året som gjekk, og gjennomførte to vellykka arrangement. Tildeling av tilskot krev bruk av eigne midlar og eigeninnsats. Det blir foreslått å sette av kr 20 000,- til rekrutteringstiltak for barn og unge i 2023. I tillegg kjem det om lag 130 timar eigeninnsats.

Møtebok – Lom fjellstyre

Jakt og fiske.

Fiske.

Utsetting av settefisk skjer etter ein eigen kultiveringsplan. Det er planlagt prøvefiske på aurkvea, Skuggevatnet og nedre Rindtjønnet.

Båtar med redningsutstyr som er utplasserte på fire forskjellige vatn for utleige, krev noko ettersyn og småreparasjonar gjennom sommarhalvåret. Båten som til vanleg ligg på Høyvatnet og som vi nyttar til prøvefiske, oppsyn m.m. er gamal og må bytast ut. Det er lagt inn ein auke i posten «ymse utgifter jakt og fiske» for innkjøp av ny båt.

Lom fjellstyre har administrasjonen av ordninga med Jotunheimen-kortet, felleskortet med Vågå og Luster. Nettsalet av fiskekort har vore aukande, og vi har kutta ned på talet av kortsalstader. Dette gjeld vesentleg dei med minst omsetning. Dette har minska arbeidet noko med administrering av kortsal.

Småviltjakt.

Administrasjon, utlysing og sal av småviltjakt til utanbygdsbuande krev ein del innsats i vårmånadene, ikkje minst kontakta pr. telefon som mange av jegerane ynskjer.

Taksering av lirypebestanden i dei tre områda Veodalen, Sålell og Leiråsen to helger i månadsskiftet august-september. Dette skjer med hjelp frå erfarne fuglehund-eigarar. Administrasjon og organisering av jaktkortsalet i september månad.

I år var takseringsresultatet så dårleg at det vart fatta vedtak om totalfreding av li- og fjellrype. Det vart gjeve tilbod om refusjon til utanbygdsbuande som allereie hadde fått tildelt og betalt jaktkorta. Dette medfører mykje ekstraarbeid, for komande år vil både takseringsordninga og ordninga for utlysing og sal av småviltjakt bli revidert.

Storviltjakt.

Fjellopsynet er sekretær og representant for fjellstyret i Bøverdalen viltområde, og representerer fjellstyret i Skaihø v.o. Møteverksemd i april og mai for å fastsetje kvotar og drøfte endringar i bestemmelsane framfor ny sesong. Observasjon og registrering av bestandsforholda for storvilt blir gjort i løpet av vinteren og våren for å kunne fastsetje kvotane best mogleg.

Administrasjon av enkeltkort for storviltjakt i november månad krev noko ekstra arbeid, men er ei ordning som er godt motteke og etter kvart godt innarbeidd.

I tillegg til oppsyns- og kontrolloppgåver på statsallmenningen, har oppsynet dei siste åra teke på seg oppsynsoppdrag frå Meadalen grunneigarlag. Det er grunn til å tru at dette tenestesalet, som ikkje har noko stort omfang, vil halde fram.

Hyttene.

Jamleg ettersyn, supplerings av utstyr og nødvendig vedlikehald som beising og reingjering gjennom heile sesongen, samt forsyning med ved og gass. Ettersyn og oppfylgning av brannvern- og sikringsutstyr, instruksar og dokumentasjon knytt til dette.

Det er teke høgde for at taket skal utskiftast på Hæranosbua, eksisterande skifertak blir erstatta med takplater.

Møtebok – Lom fjellstyre

Storådalshytta er planlagt riven, og det skal oppførast ny i same storleik. Utgiftene til oppføring av ny hytte blir foreslege dekt av oppsparte midlar. Det må påreknast ein del arbeid knytt til riving og klargjering komande vår.

Samla gjev budsjettforslaget eit underskot på kr. 62.000

Forslag til vedtak:

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	25/2022	Arkiv nr.:	612	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

Vårdalen statsallmenning – Uttalesak – Løypeplan Vågåfjell Turløyper

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 19. september 2022
- Kart over eksisterande og planlagde trasear

Saksutgreiing:

Statskog SF ber i e-post sendt 19. september 2022 om fjellstyret si uttale i samband med Vågåfjell Turløyper sitt ynskje om å inngå kontrakt for ski- og sykkelløyper i Langmorkje statsallmenning, samt tilgrensande område ved Tesse, som ligg innanfor Vårdalen statsallmenning.

Statskog er positive til å inngå kontrakt og har i dialog med Vågåfjell Turløyper mottatt kart over skiløypenettet og ynskt sykkelnettverk innanfor statsallmenningane. Før kontrakt kan inngås ynskjer Statskog å høyre fjellstyret om trasévalg.

Opplysningar og merknader:

Saka er ei grunndisponering etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale før Statskog SF gjer vedtak.

Skiløypetraseane er allereie godt etablert. Dei nye sykkeltraseane går, for Lom kommune sitt vedkommande, etter veg. Frå Tesseosen og Brimi Fjellstugu i vest til Fugelsetervegen i aust, og vil såleis ikkje medføre nye inngrep.

Saka har vore varsla og lagt ut på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome inn merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret stiller seg positive til løypeplanen i Vårdalen statsallmenning slik den ligg føre.

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	26/2022	Arkiv nr.:	612	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Vårdalen statsallmenning. Uttalesak. Søknad om tillatelse til uttak av murstein i Vårdalen statsallmenning.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 02. november 2022
- E-post frå Sveinung Mosnes til statskog sendt 29. oktober 2022

Saksutgreiing:

Statskog SF ber i e-post sendt 02. november 2022 om fjellstyret si uttale i samband med søknad frå Sveinung Mosnes datert 29. oktober, om uttak av murstein langs Jotvegen frå krysset Liavegen/Jotvegen til Liasetervegen/Jotvegen.

I søknaden skriv han:

«Det er nå 31 år siden det sist var drift i Nørdre Veslsætre, og i forbindelse med ny fjøsdrift, er det behov for utvidelse av gardsplass. Dette for forenkling driften, og samtidig få innlagt vann i fjøset. Av hensyn til kostnad og miljø, ønsker vi å hente murstein lokalt, kontra å få den tilkjørt fra Oppdal. Området vi ser for oss å hente stein, er langs Jotvegen fra krysset Liavegen/Jotvegen til krysset Jotvegen/Liasetervegen. En strekning på ca 3,5 km. Der vil vi plukke brukbar stein langs veien ved hjelp av gravemaskin. Det er snakk om ca 30-50 kvm ferdig mur.»

Opplysningar og merknader:

Saka er ei grunndisponering etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale før Statskog SF gjer vedtak. Eit eventuelt uttak bør skje i dialog med veglaget.

Saka har vore lagt ut og varsla på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome merknader.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret tilrår at Statskog SF gjev løyve til uttak av murstein på strekninga Liavegen/Jotvegen til krysset Jotvegen/Liasetervegen slik som omsøkt. Uttaket bør skje i samråd med veglaget.

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	27/2022	Arkiv nr.:	612	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttalesak. Søknad frå Breheimen nasjonalparkstyre om inngjerding og gapahuk i forbindelse med skjøtselstiltak i Høydalen landskapsvernområde.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 06. oktober 2022 med søknad dagsett 17. september frå Breheimen nasjonalparkstyre.

Saksutgreiing:

Statskog SF ber i e-post sendt 06. oktober 2022 om fjellstyret si uttale i samband med søknad frå Breheimen NP om å ha ståande impregnert gjerdestolp og gapahuk/leskur i forbindelse med skjøtselstiltak i Høydalen landskapsvernområde.

I søknaden står det blant anna:

Med bakgrunn i de positive erfaringene fra skjøtselstiltaket i sommer ønsker vi å videreføre dette neste år med noen mindre justeringer. Vi søker derfor Statskog som grunneier om følgende:

- *Vi ønsker at de impregnerte stolpene og gapahuken kan få stå ute i terrenget i perioden fram til og med 2024.*
- *For 2023 ønsker vi å utvide arealet østover slik som vist i figur 3. Her er det tett lauvskog og arealet trenger skjøtsel.*

Opplysningar og merknader:

Saka er ei grunndisponering etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale før Statskog SF gjer vedtak.

I 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre gjennomført ei utprøving med rydding av vegetasjon ved bruk av geit ved Nordre Høydalen i Høydalen landskapsvernområde. I alt var 18 dyr i arbeid på eit inngjerda areal i fire veker. Utmarksarealet som har vore inngjerda med strømtråd er ca. 170 x 55 meter stort. Skjøtselstiltaket er gjort i samarbeid med ein gardbrukar som hadde geit i Høydalen for ca. 10 år sidan. Vegetasjonsrydding er eitt av fleire tiltak som er anbefalt i skjøtelsplanen for Høydalen landskapsvernområde.

Som det står i søknaden frå Breheimen NP er det registrert positive erfaringar etter skjøtselstiltaket frå sommaren 2022. Alt av plaststolpar for å forsterke inngjerdinga, strømtråd og trådsneller er tatt ned etter at geitene er ute frå Høydalen. Det som er att der nå er dei impregnerte stolpane som står med 5-6 meters mellomrom omkring arealet som er brukt til beite. I tillegg står gapahuken, som er brukt som leskur til geitene, oppreist øvst på arealet som har vore inngjerda.

Saka har vore lagt ut og varsla på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome merknader.

Møtebok – Lom fjellstyre

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret har ikkje innvendingar til tiltaket slik som det er omsøkt og tilrår at det vert gjeve eit mellombels løyve fram til 2024.

Behandling:

Bjørnar Brustuen stilte spørsmål om sin habilitet i saka, han leier ut geiter til nasjonalparkstyret. Fjellstyret fann han habil til å delta i behandlinga av saka.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	28/2022	Arkiv nr.:	434.4	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Søknad om fornya løyve til preparering av treningsløype for trekkhundar frå Kvandalsvoll til Ulvåt/Vassenden.

Sakspapir:

- E-post dagsett 28.10.2022 frå Jotunheimen Hundekjørarlag.
- Sak 40/2019. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om løyve til å preparere treningsløype for hundekjøring.

Saksutgreiing:

Jotunheimen Hundekjørarlag har i ei årrekke hatt løyve til å preparere ei treningsløype for køyring med trekkhundar på strekninga Kvandalsvoll – Ulvåt/Vassenden, siste gongen for treårs-perioden 2019-2022, sak nr. 40/2019. Den siste treårs-perioden gjaldt heilt fram til Vassenden. Løyvet går ut i årskiftet 2022/2023. Dei søker nå om eit forlenga løyve på same vilkår, og for ein ny treårs-periode.

Opplysningar og merknader:

Det har frå fjellstyret/Statskog tidlegare vore gjeve løyve på desse vilkåra:

- traséen fylgjer setervegen, alternativt isen over Dalsvatnet så langt dette er råd
- løypepreparering med snøscooter bør ikkje skje i vinterferien eller i påska
- løyvet kan trekkjast attende om ordninga vert misbrukt, eller om aktiviteten forårsakar vesentlege ulemper for andre brukarinteresser i området.
- fjelloppsynet skal varslast når løypeprepareringa tek til om hausten.
- laget rapporterer til fjellstyret etter kvar sesong, kor mange gongar, og når preparering med snøscooter har skjedd.

Fjellstyret har ikkje registrert negative attendemeldingar på denne aktiviteten frå noko hald, og traseen vert flittig brukt av skiløparar gjennom vinteren. Laget har rapportert om køyreaktiviteten etter årets slutt. Prepareringa har ikkje forårsaka stor køyreaktivitet.

Preparering av løypa langs vegen må også avklarast med dei ansvarlege for setervegen.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret gjev rettighetshavers løyve til køyring med snøscooter for preparering av løypepetrasé slik som omsøkt, og med fylgjande vilkår:

- Traséen fylgjer setervegen, alternativt isen over Dalsvatnet så langt dette er råd
- Løypepreparering med snøscooter bør ikkje skje i vinterferien eller i påska
- Løyvet kan trekkjast attende om ordninga vert misbrukt, eller om aktiviteten forårsakar vesentlege ulemper for andre brukarinteresser i området.
- Fjelloppsynet skal varslast når løypeprepareringa tek til om hausten.
- Laget rapporterer til fjellstyret etter kvar sesong, kor mange gongar, og når preparering med snøscooter har skjedd.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Jotunheimen hundekjørerlag v/Tor Vidar Krøkje – som e-post
- Lom kommune v/Sander Slthun – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	29/2022	Arkiv nr.:	035.16	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Storådalshytta – Oppføring av ny hytte

Sakspapir:

- Sak 11/2022 – Storådalshytta – riving av den gamle og oppføring av ny.
- Sak 19/2022 – Storådalshytta – godkjenning av teikningar.
- Innhenting av tilbud - Storådalshytta – Leir og Bøverdalen statsallmenning, Lom kommune – Beskrivelse av bygg.
- E-post sendt 4. november. Tilbud om oppføring - Jotunheimen Bygg
- E-post sendt 8. november. Tilbud om oppføring – Stokk og Stein
- E-post sendt 17. november. Tilbud om oppføring – Brun Bygg

Saksutgreiing:

Lom fjellstyre behandla i sak nr. 11/2022 riving av den gamle og bygging av ny hytte i Storådalen. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«Fjellstyret vedtek riving av den gamle og oppføring av ny tilsynshytte i Storådalen.

Dagleg leiar lagar ein framdriftsplan for prosjektet, ein kostnad- og finansieringsplan og innhentar tilbud om oppføringa, som vert lagt fram til godkjenning av fjellstyret.»

Den 10. oktober vart den planlagde oppføringa varsla på heimesida, og det vart opna for at aktuelle tilbydarar kunne legge fram tilbud om oppføring av ny hytte etter dei teikninga som var godkjent i sak nr. 19/2022. Frist for innsending av tilbud vart sett til 10. november. To tilbud vart motteke før fristen og eitt vart motteke 17. november:

Jotunheimen bygg - 687 399 + MVA
Stokk og Stein – 665 000 + MVA
Brun Bygg - 653 828 + MVA (Motteke 17. november, etter frist)

Med dette som grunnlag er det utforma slik kostnadsoverslag, finansieringsplan og framdriftsplan:

Kostnadsoverslag:

Riving av det gamle og klargjering for nytt bygg	kr. 50.000
Ferdig oppsett trekonstruksjon	kr. 665.000
Diverse opprydding og overnatting	kr. 50.000
Inventar	kr. 30.000
Transportutgifter	kr. 100.000
<u>Til saman</u>	<u>kr. 895.000</u>

Finansieringsplan:

Møtebok – Lom fjellstyre

Tilskot frå Grunneigarfondet	kr.300.000
Eigeninnsats arbeid	kr. 100.000
<u>Eigne midlar</u>	<u>kr. 495.000</u>
<u>Til saman</u>	<u>kr. 895.000</u>

Framdriftsplan:

- 1.2.2023: Innhenta rivings- og byggjeløyve frå kommunen.
- 15.2.2023: Godkjenning av transportplan frå nasjonalparkstyret.
- 1.4.2023: Oppstart riving og fjerning av den gamle hytta.
- 15.4.2023: Oppstart nybygg.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner planane for oppføring av ny hytte og utedo i Storådalen, med ein kostnad på til saman kr. 895.000,- slik som synt til i kostnadsoverslaget i saksutgreiinga.

Tiltaket skal finansierast av egne midlar og eventuelle tilskot frå andre.

Fjellstyret inngår avtale med Stokk og Stein om oppføring av ny hytte i Storådalen. Stokk og Stein hadde det rimelegaste tilbodet av dei som leverte inn tilbod innan den fristen som var sett.

Utskrift går til:

- Rekneskapsfører – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	30/2022	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Søknad om stønad frå fjellkassa - Driftstilskot til Veodalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad datert den 14.11.2022 frå Veodalen beitelag.

Saksutgreiing:

I brev av 14.11.2022 har Veodalen beitelag v/ Lom avløysarlag søkt om driftstilskot kr. 25.000 til fellesdrifta for storfe i Veodalen i 2022.

Året var det 18. driftsåret for Veodalen beitelag.

I år var 155 storfe på beite (106 dyr i 2021) fordelt på 11 husdyreigarar(8 i 2021). Beiteperioden var frå ca. 1.juli til 11.september. Det har vore tilsett ein gjetar, og husdyreigarar har delteke ved slepp og sanking. Det har ikkje vore tap.

Totale driftskostnader i 2022 er på kr. 174.099 (141.238,60,- i 2021). Gjetarkostnadane inkludert frakt og eigeninnsats er på kr 1123,- pr. dyr, ein nedgang frå året før(1332,- pr. dyr). Rekneskap er vedlagt søknaden.

På inntektssida er tilskot frå regionalt beitelagstilskot kr. 4982,-(5080,- i 2021). I tillegg er det innvilga inntil 30% av driftskostnadane-maksimalt 35.000,- i kommunalt driftstilskot for 2022. Dette er dei offentlege støtteordningane som Veodalen beitelag kan få driftstilskot frå.

Veodalen beitelag søkjer om eit driftstilskot for 2022 på kr. 25.000 frå Lom Fjellstyre.

Beitelaget takkar i søknaden for samarbeidet i beiteåret som har gått.

Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftene og det har kome inn to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr. 25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag for året 2022.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

Veodalen beitelag v/Lom avløysarlag v /Kjell Kvålshagen – som e-post

Statskog SF – som e-post

Rekneskapsføraren – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	31/2022	Arkiv nr.:	141.9	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

Søknad om stønad frå fjellkassa.

Formål: Driftstilskot til Storådalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den 08.12.2022 frå Storådalen beitelag.
- Foreløpig rekneskap sendt 15.12.2022

Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 08.12.2022 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om kr. 25.000 i stønad til fellesdrifta for storfe i området Gjendebu/Storådalen i 2022.

Det vart slept 121 kalvar på beite frå i alt 13 dyreigarar (117 dyr i 2021). Det har vore ein god beitesesong ved Gjende, og heller ikkje dette året har det vore tap av dyr. Beitesesongen varte frå 4. juli til 13. september.

Som tidlegare år har det vore to gjetarar i deltid i tillegg til stor eigeninnsats frå dyreeigarane, spesielt under slepping, flytting av dyr og under sankinga.

Beitelaget har i området ved Gjendebu utført skjøtselsarbeid i samarbeid med forvaltninga og SNO. Arbeidet med flytting og restaurering av gjerde rundt eit myrområde i Veslådalen vart ferdigstilt i år.

Storådalen beitelag er takksame for samarbeidet og den økonomiske støtta til drifta.

Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftene og det har kome to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Storådalen beitelag for året 2022.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Møtebok – Lom fjellstyre

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	32/2022	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Orienteringssak – Nydyrking ved Nordsetrene - status i saka.

Sakspapir:

- Sak 19/2020 i Lom fjellstyre. Søknader om dyrkingsjord
- Sak PS 2021/32 i Lom kommune. Planprosess – nydyrking ved Tesse.
- Sak 2021/1458-1 i Lom kommune. Løyve til å dyrke ved Nordsetrene i Lom
- E-post 28. januar frå Lom fjellstyre til Lom kommune. Gjennomføring av konsekvensutgreiing
- 20220401 E-post frå kommunalsjefen i Lom kommune til Landbrukskontoret i Lom og Skjåk. Dyrkingsareal ved Nordsetrene.

Saksutgreiing:

Fjellstyret fekk våren 2020 tre søknader om tilleggsjord i området Nordsetrene i Vårdalen statsallmenning. Saka vart behandla av fjellstyret i sak 19/2020 der det vart gjort vedtak om å sende saka vidare til behandling sjå kommunen og Statskog SF. I ettertid har det kome inn ein søknad til om dyrkingsjord i same område.

Med bakgrunn i uttaler frå Statskog og kommunen vart det kalla inn til ei felles synfaring på Nordseter hausten 2020. På denne vart det semje om at saka måtte utgreiast og avklarast i forhold til kommuneplanarbeidet. Det vart framheva at det var ynskjeleg med ei grundigare kartlegging og vurdering av arealets eignaheit for dyrking.

Kommunen hadde vinteren/våren 2021 saka oppe til politisk vurdering, og 18. mai gjorde formannskapet vedtak om at landbrukskontoret, uavhengig av kommuneplanarbeidet, skulle ta saka til behandling. Landbrukskontoret behandla saka administrativt (saksnummer 2021/1458-1) og gjorde slik vedtak:

«Dyrkingsfeltene er samla så store at Lom kommune set vilkår om at det blir gjort konsekvensutgreiing for området i forhold til dyrking, jmf. § 6 i forskrift om nydyrking, før plan om dyrking kan takast opp til endeleg handsaming i kommunen.»

Med bakgrunn i dette vedtaket sendte sekretæren for Lom fjellstyre ein e-post til kommunen 28. januar 2022 der det vart argumentert for at det er naudsynt å få gjennomført ei konsekvensutgreiing for å kome vidare i saka, at det i ljøs av sakshistoria er feil å pålegge søkjarane denne kostnaden og at det under synfaringa 14. september 2020 var einigheit om at kommunen skulle ta del i utgreiing og vurdering av areala for mogleg dyrking. I ljøs av dette vart det difor bede om at kommunen skulle ta initiativ til å utarbeide ei konsekvensutgreiing som grunnlag for prosessen vidare i denne saka.

Etter interne drøftingar kom kommunen fram til at det på grunn av historikken i saka er rimeleg at kommunen tek på seg å utføre konsekvensutgreiinga. I e-post frå kommunalsjefen i Lom kommune til landbrukskontoret for Lom og Skjåk sendt 1. april 2022 går det fram at:

Møtebok – Lom fjellstyre

«Lom kommune ber derfor Landbrukskontoret for Lom og Skjåk om å utføre konsekvensutgreiing for det aktuelle området i tråd med vedtaket i sak 2021/1458-1. Fordi det generelt er knytt stor politisk interesse til spørsmål om utnytting av arealet ved Tesse, er det Lom kommune sin oppfatning at det her vil vere tenleg å sette arbeidet med konsekvensutgreiing ut til eit eksternt firma. I tråd med vertskommuneavtalen vil Lom kommune bere kostnadane for konsekvensutgreiinga»

Fjellstyret er ikkje kjend med at det har vore framgang i saka etter dette. Sekretæren tok difor kontakt med landbruksjefen 8. desember. I telefonsamtala vart det informert om at kommunen har fått inn eit anbod på konsekvensutgreiing av arealet, men at kostanden for denne førebels er vurdert til å være for høg. Landbrukskontoret avventar vurdering av prosessen vidare.

Behandling:

Svanhild Lyngved Solheim meldte seg innhabil i saka. Bjørnar Brustuen vart vald som leiar i hennas fråvær.

Vedtak:

Fjellstyret tek saka til orientering.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Tove Linda Mørch Reiersen – som e-post
- Svanhild Solheim Lyngved – som e-post
- Per Kvernstuen og Oda Evy Øyen – som e-post
- Vegar Haugen – som e-post